

PLANSKILDING.

Detaljregulering for Bjørnestø Småbåthamn.

PlanID: 1263-201401.

Dato: 21.03.2016

1 SAMANDRAG

Planen handlar om å utvide eksisterande småbåthamn til 20 båtplassar med tilhøyrande fellesnaust og tilkomst til området via ny veg.

2 BAKGRUNN

2,1 FØREMÅL MED PLANEN



Planen er å utvide eksisterande småbåthamn i tillegg til at ein ynskjer å bygge fellesnaust for brukarar av småbåthamna. Målet er 20 båtplassar og tilhøyrande naust/bygg og parkeringsplassar.

I dag er området godkjent for flytebrygge inntil 12 meter (ca. 8 båtplassar).

2,2 FORSLAGSTILLER, PLANKONSULENT, EIGARFORHALD

Forslagstillar er Reidar Nesse, Fureberget 23, 5912 Seim.

Plankonsulent er Ing. Atle D. Utkilen, Fønnes Senter, pb. 75, 5952 Fønnes.

Hovuddelen av planområdet ligg under gnr 102 bnr 8 og er eigd av forslagsstillar Reidar Nesse. I tillegg kjem planen litt inn på kommunevegen Kv1205, gnr 102 bnr 7 og gnr 102 bnr 14.

2,3 TIDLIGARE VEDTAK I SAKA

Kommunen har i brev av 17.04.2007 gjeve løyve til utlegging av flytebrygge med lengde inntil 12 meter.

Småbåthamna (sjøanlegg) er lagt inn i Arealdel av kommuneplanen 2011-2023. Planlagt parkering og tilkomst er ikkje vist i kommuneplanen.

2,4 UTBYGGINGSAVTALER


Det ligg ikkje føre utbyggingsavtale med Lindås kommune.

2,5 KRAV OM KONSEKVENSGREIING

Planen medfører, etter kommunen sin vurdering, ikkje krav til konsekvensutgreiing – referat frå oppstartsmøte. Planleggjar er samd i denne vurderinga.

3 PLANPROSESS

3,1 MEDVERKNAD I PROSESSEN, VARSEL OM OPPSTART, EV. PLANPROGRAM



Varsling om oppstart av reguleringsarbeidet vart gjort kjent i Strilen (fulldistribusjon) den 16.10. 2014. I tillegg vart alle aktuelle ytre etatar varsla 22.10.2014.

Planen omhandlar utviding av ei eksisterande båthamn og tilkomst til denne. Det er derfor ikkje vurdert som turvande å ha møte med naboar. Naboar er orientert av forslagsstillar om planen. Han har opplyst at dei er positive til at det vert fleire båtplassar i området.


3.2 LINDÅS KOMMUNE

Det vart gjennomført oppstartsmøte med Lindås kommune den 11.2.2014. Merknader knytt til oppstartsmøtet (referat) er vurdert og tatt omsyn.

4 PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSER

4,1 OVERORDNA PLANAR:

Arealdel av kommuneplanen 2011-2023



~~Planforslaget er i samsvar med overordna plan, unntatt parkering, naust og veg.~~

Planforslaget er ikkje heilt i samsvar med overordna plan. Småbåtanlegget er noko utvida. I tilknytning til anlegget er det laga veg, parkeringsplass og naust.

Figur 1 Frå arealdel av kommuneplanen

4,2 GJELDANDE REGULERINGSPLANAR

Det aktuelle planområdet er ikkje tidlegare regulert. Området som grensar til planområdet er heller ikkje regulert.

4,3 TILGRENSANDE PLANER

Det er ingen tilgrensande planar som kommunen kjenner til.

4,4 STATLIGE PLANRETNINGSLINJER/RAMMER/FØRINGAR

Statens Vegvesen føreset at det i planarbeidet vert vurdert standard på den kommunale vegen og om det er behov for trafikksikring, Handbok N100.

5 BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHALD

5,1 PLASSERING

a) Plassering - geografisk

Planområdet ligg på Vabø i Lindås kommune nedanfor Vabø Bustadfelt på vestsida av Vabuvegen.

b) Avgrensning og storleik på planområdet



Planområdet er ein del av Gnr.102 Bnr.8, og grenser mot Gnr.102 Bnr.65/14 mot sør-vest, Gnr.102 Bnr.7 mot sør-øst og går ut i Vabuvågen.


Planområdet er på omlag 5600 m².

5,2 DAGENS AREALBRUK OG TILSTØYTANDE AREALBRUK

Dagens arealbruk av området (arealdel av kommuneplanen) er:

- 5100 LNFR,
- 6230 småbåthamn
- 6001 bruk og vern i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.
- Tilstøytande areal er LNFR, bustadområde og sjøareal.

5,3 STADEN SIN KARAKTER



a) Struktur og estetikk

Småkuppert område. Tidligere brukt som innmarksbeite – ref gardskart.

b) Eksisterande busetnad

Innanfor planområdet er det i dag eit naust m/slipp, kai og flytebrygge. Eit bustadfelt og ein del spreidd busetnad grensar til området.

c) Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Den kommunale vegen forbi planområdet endar opp i Vabø hyttefelt. Det er ikkje gjennomgangstrafikk på vegen. Vegen forbi planområdet ligg open og oversiktleg til. Det er ingen spesielle tiltak knytt til trafikktryggleik langs vegen, då det er 30 km/t og fartsdumpar på strekninga. Planforslaget vil ikkje auke/endre trafikkbelastninga. Målgruppa for brukarar er dei som bur i området. Dei fleste har gangavstand til båthamna.

d) Kollektiv tilbod

Det går buss som stopper i krysset/snuplassen. Her er det også et busskur.

5,4 LANDSKAP



a) Topografi og landskap

Slakt skrånande terreng mot aust heilt ned til sjøen. Småkuppert med litt skog.

b) Sol

Ope kystlandskap med gode solforhold.

5,5 KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

Det er ikkje registrert kulturminner og kulturmiljø i planområdet.

5,6 LANDBRUK

Området er en del av jordbruksareal under gnr 102 bnr 8 og er i landbrukskart definert som innmarksbeite. Ingen landbruks aktiv/drift på garden. Området vert heller ikkje brukt/nytt av naboar.

5,7 TRAFIKKFORHOLD

Planområdet grensar til kommunal veg – Vabuvegen. Planlagt avkjørsel/samankopling med Vabuvegen vert knytt til ein eksisterande avkjørsel.

5,8 UNIVERSELL TILGJENGELEGHEIT

Planområdet er ikkje universell tilgjengeleg i dag.

5,9 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Det er ingen teknisk infrastruktur innanfor planområdet. Dvs ingen konflikt med VA-anlegg.

5,10 GRUNNFORHOLD

Stabilitetsforhold

Området er grunnlendt (tynt vegetasjonsdekke) og har god stabilitet. Ein kan fundamentera til fjell.

Leidningar

Ingen kjente leidningar i området.

c) Eventuell rasfare

Det er ingen spesiell rasfare i området.

6.1.2 GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFORMÅL

Bygning og anlegg

Småbåtanlegg

f_S er område for båtanlegg/flytebyggjer. Her er det planlagt inntil 20 båtplassar.

Båtanlegget vert knytt til land via landgang/bru. Landgangen skal utformas slik at det er mogeleg å gå under denne med småbåt/robåt til eksisterande naust med slipp.

Eksisterande naust

N er eksisterande naust med slipp og kai. Planen medfører ingen endring i bruk. Normalt vedlikehald er lov. Ved endring i form og storleik må tiltak på naustet byggjesøkjast.

Nye naust (fellesnaust)

f_N er felles naustområde. Her er det tenkt at ein kan bygge maks 5 naust i rekke med 4 bodar i kvart naust for dei som har båtplassar i hamna.

Samferdselsanlegg og teknisk struktur

Vegar

o_V er ein del av den eksisterande Vabuvegen, Kv1205, som går igjennom området. Denne blir uendra.

V er eksisterande innkjørsel til Gnr 102 Bnr 7 og til parkering/garasje/uthus for Gnr.102 Bnr.14. Planen medfører ingen endring i bruk eller utforming.

f_V er den nye vegen ned til småbåtanlegget. Den er felles for dei som har båt-/naust-plasser i småbåthamna. Vegen vert knytt til Vabuvegen via felles avkjørsel med gnr 102 bnr 7. Frå o_V vil vegen ha ein helning på omlag -2,5% dei første 5 meterane. Etter det vil helningen vere omlag -13.8% og den vil flate ut mot parkeringsplassen.

Parkeringsplass

f_P er felles parkeringsplasser for de som har båt-/naust-plasser i småbåthamna.

Landbruks-natur- og friluftsmål samt reinsdrift

LNF - området blir som i dag – uendra bruk.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

Ferdse - F

I dette området er det ingen endring ut frå det som er i dag.

6.2 BYGNINGAR - PLASSERING OG UTFORMING

6.2.1 Bygningar si høgde

Naustområdet **f_N** er planlagt planert på maks 6 moh. Eventuell oppfylling mot sjø skal avsluttas med naturstein og sikra med gjerde.

Naust/naustrekke kan byggjast med maks mønehøgde på 5 m frå ok golv 1 etg. Saltak med ein takvinkel mellom 35 grader og 45 grader.

6.2.2 Grad av utnytting

I naustområdet N er det eit naust. Dette kan fortsatt ha same BYA/BRA som i dag.

I naustområdet f_N er det sett av ca. 207 m² BYA til naust/naustrekke. (Dette utgjør eit BYA på ca 66% av f_N). For enkelt naust kan ikkje BYA/BRA overstige 40 m² pr. naust.

6.2.3 Tal naust, naustfordeling

Det kan først opp fellesnaust - utforma som 5 naust i naustrekke. Utbygginga kan gjerast i etappar.

I kvar naustdel kan det etablerast 4 bodar – totalt 20 bodar i heile rekkja.

Det vert rekna ein bod pr. båtplass.

6.3 PARKERING

a) Parkeringsplassar maksimum – minimum

Parkeringsplass f_P er dimensjonert i samsvar med krav i Lindås kommune.

- Maksimum 1 plass pr. 3. båtplass. Her – tilsvarende 7 plasser.
- Minimum 1 plass pr. 4. båtplass. Her - tilsvarende 5 plasser

I denne planen er det sett av 7 plasser for personbiler + 1 for rørslehemma.

c) Utforming og lokalisering av parkeringsanlegg

Parkeringsplassen er lagt foran nausta med gangareal til båtanlegg.

6.4 TILKNYTING TIL INFRASTRUKTUR

Anlegget vert knytt til kommunal veg via felles veg f_V.

Fellesvegen vert knytt til den kommunale vegen via ein eksisterande avkjørsel. Mindre opp gradering for å få ein trygg og sikker avkjørsel vert gjort.

Veg f_V er felles atkomstveg for dei som har naust/båtplass i planområdet.

6.5 UNIVERSELL UTFORMING

Krav til utforming

Det er stilt krav til 1 parkeringsplass for rørslehemma.

Området vert generelt, via vegtilkomst, vesentleg betre tilgjengeleg etter utbygging.

6.6 KULTURMINNER

Løysing i forhold til kulturminner

Det er ingen registrerte kulturminner i området i dag.

6.7 PLAN FOR VANN- OG AVLØP SAMT TILKNYTING TIL OFFENTLEG NETT

Det er ikkje planlagt el- og/eller VA-anlegg.

Dersom det i framtida er ynskjeleg med slike anlegg, kan dei etablerast.

EL-kabel til markeringslys på flytebrygge vil bli utført med jordkabel frå stolpe ved kommunal veg.

6.8 PLAN FOR AVFALLSHENTING/ SØPPELSUG

Området skal berre nyttast til naust. Det er derfor ikkje laga noen plan for avfallshenting. Eventuell behov for avfallshenting må avtalast direkte med NGIR dersom dette vert aktuelt.

7 VERKNAD AV PLANFORSLAGET

7.1 OVERORDNA PLANER

Planområdet (sjødelen) er vist i arealdelen til kommunen. Tilkomst til området og område for parkering og naust er ikkje vist i planen.

Forslaget er ikkje i konflikt med overordna plan.

7.2 LANDSKAP

Det er alt i dag eit eksisterande naustområde med ei mindre båthamn. Planen omhandlar utviding av denne. Hovudendringa er knytt til at det vert bygd veg og ei naustrekke.

For å skjerma/avgrensa tiltak direkte i standlinja, har ein trekt naustrekkeja lenger inn på land. Det er stilt klare krav til utforming og storleik. Det er vidare vektlagt at småbåthamn og naust vert tilpassa landskapet og strandsona. I tillegg er det vektlagt at terrenginngrep i planområdet skal skje mest mogeleg skånsamt.

7.3 STADEN SIN KARAKTER

Småbåthamna vil tilføre fastbuande båtplassar med bodar i naust. I tillegg vert området meir tilgjengeleg for alle pga. vegen som vert bygd. Småbåthamna er alt tatt i bruk slik at det ikkje er dei store endringane i forhold til den bruken ein har i dag.

7.4 FORHOLDET TIL NATURMANGFALD

Utbygginga i området vil i liten grad påverke dyre- og plantelivet utover det som alt er gjort/etablert frå tidlegare.

7.5 REKREASJONSINTERESSER/ REKREASJONSBRUK

Planen opnar opp og bedrar tilgjengelegeheita for ålmenta. På parkeringsplassen er det mogeleg å setje ut benkar slik at ein kan sitje og nyte den fine utsikten.

7.6 TRAFIKKFORHOLD

Vegforhold

Det vert bygd veg ned til båthamna. Dette betrar tilgjenge for alle i området og rørslehemma.

Trafikkauke /reduksjon

Det blir liten eller ingen trafikkauke knytt til tiltaket. Båtplassane er i hovudsak tiltenkt dei som bur i nærområdet.

7.7 UNIVERSELL TILGJENGELEG

Tiltaket opnar for at også rørslehemma kan koma nærmare sjøen via den nye vegen. Det er spesielt satt av eigen parkeringsplass til føremålet.

7.8 ROS-ANALYSE

Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk

Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

RISIKOMATRISJE – arealbruk (LIV OG HELSE)						
Z Y S N N	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
A S						
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENNS						

RISIKOMATRISJE – arealbruk (MILJØ)						
Z Y S N N	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
A S						
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENNS						

RISIKOMATRISJE – arealbruk (ØKONOMI)						
Z Y S N N	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
A S						
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENNS						

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

Planskildring - Bjørnestø Småbåthamn

Naturbasert sårbarhet					
Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær WWW.net.no					
1	Sterk vind			S4xK1	Planområdet ligg skjerma til, men kan likevel vera sårbar for sterk vind frå uheldig ertning. Ein må ta omsyn til utforming og forankring av naust og anlegg.
2	Store nedbørsmengder			S4xK1	Store nedbørsmengder kan førekoma, men vil i liten grad få konsekvensar innan for planområdet.
3	Store snømengder				Området ligg i eit kystlandskap med lite snø. Vurdert som lite eller ikkje eit problem.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt i planområdet.
6	Flaum i vassdrag / innsjøar				Ikkje aktuelt i planområdet.
7	Overvasshandtering				Det er slakt skrånde terreng mot sjøen. Eventuelle terskler må dreneres.
8	Springflod / storm			S4xK1	Det er sansynleg at det kjem stormflo. Nausta er plasserte så høgt oppe at dette ikkje vil verta noko problem.
9	Historisk flaumnivå				Ikkje kjendt.
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Det er ikkje påvist kvikkleire i området.
12	Lausmasseskred				Terreng er slakt skrånande og med tynt vegetasjonsdekke. Vurdert som usansynleg og ufarleg.
13	Is- og snøskred				Ikkje kjent sone for aktsamheit
14	Steinras, steinsprang				Ikkje kjent sone for aktsamheit
15	Historiske hendingar				ikkje noko kjente hendingar
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikkje aktuelt - står på

Planskildring - Bjørnestø Småbåthamn

					fast fjell
18	Utglidningar				Ikkje aktuelt - står på fast fjell
18	Radon				Ikkje kjent at området er utsatt for radon. Det skal berre byggjast naust.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirnat.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
24	Anna				
Kulturområde www.kulturminnesok.no					
25	Freda kulturminne				Ingen registrer eller påvist.
26	Sefrag-bygg				Ingen registrer eller påvist.
Brann / eksplosjon					
27	Brannfare	S3xK1	S3xK1	S3xK1	Innafor planområdet er det kun naust (6 stk) m/innhald som kan brenne.
28	Eksplosjonsfare	S2xK2	S2xK2	S2xK2	Kan være en risiko dersom ein oppbevarer bensin o.l i nausta.
29	Anna				
Energitransport					
30	Høgspen				Ikkje aktuelt
31	Lågspen				Ikkje aktuelt
32	Gass				Ikkje aktuelt
33	Anna				
Forureina vatn					
34	Drikkevasskjelde				Ikkje aktuelt
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og lignande				Kun knytt til båter som ligg i sjøanlegget.
36	Nedbørsfelt				Ikkje aktuelt.
37	Grunnvassnivå				Ikkje aktuelt.
38	Anna				
Forureining - grunn					
39	Kjemikalieutslepp				Ikkje aktuelt.
40	Anna				
Forureining - luft					
41	Støy / partiklar / røyk				Ikkje aktuelt.
42	Støy				Ikkje aktuelt.
43	Lukt				Ikkje aktuelt.
44	Anna				
Friluftsliv og tilgjenge til sjø http://www.hordaland.no					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ved at det blir bygd veg ned til sjøen, bedrar ein tilkomst.

Planskildring - Bjørnestø Småbåthamn

46	Friluftsliv				Ved at det blir bygd veg ned til sjøen, bedrar ein tilkomst.
47	Anna				
Sårbarhet knytt til infrastruktur					
Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
48	Trafikkulykker på veg				Avkjørsel er oversiktleg med god siktlinje.
49	Anna				
Forureining					
50	Støv / partiklar				Ingen kjent risiko
51	Støy				Ingen kjent risiko
52	Lukt				Ingen kjent risiko
53	Utslepp / kjemikaliar				Ingen kjent risiko
54	Anna				
Ulykker på nærliggjande vegar / transportåre http://www.vegvesen.no					
55	Veg				Ingen kjent ulykker
56	Sjø				Ingen kjent risiko
57	Luft				Ingen kjent risiko
58	Anna				

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANSYN	S5					
	S4					
	S3	27				
	S2		28			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
Konsekvens						

RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						
SANSYN	S5					
	S4					
	S3	27				
	S2		28			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
Konsekvens						

RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)						
SANSYN	S5					
	S4	1,2,8				
	S3	27	2			
	S2		28			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
Konsekvens						

Oppsummering ROS-analyse

Avdekka risiko:

Terrenget i seg sjølv tilseier at det ikkje er stor risiko eller konsekvens ved ekstrem nedbør. Ved bygging av veg og parkeringsplass må ein sikra god avrenning frå grøfter til terreng eller direkte til sjø.

Det kan oppstå brann i naust dersom ein oppbevarer brennbare væsker der. Brann i skog og mark kan også forekomme.

7.9 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Det er i planen lagt til grunn at det ikkje er aktuelt med teknisk infrastruktur utover vegtilkomst. Dersom det er aktuelt med framlegg av el og/eller VA-anlegg skal det vera opning for dette i framtida.

7.10 ØKONOMISKE KONSEKVENSN FOR KOMMUNEN

Ingen økonomiske konsekvensar.

7.11 KONSEKVENSN FOR NÆRINGSINTERESSER

Ingen spesielle. Kan vera positivt ved at dei som skal busetta seg i området få tilgang til båtplassar.

7.12 INTERESSEMOTSETNAD

Ingen kjente motsetnader.

7.13 AVVEGING AV VERKNAD

Samla er planforslaget vurdert som vesentleg meir positivt enn negativ og då særleg for nærmiljøet. Etablering av veg sikrar også alle vesentleg betre tilkomst til området. I planen har ein tatt utgangspunkt i standard krav til tal parkeringsplassar. Dersom det er mange bebuarar i området som er aktuelle til å nytta båtplassar, bør ein vurdere å begrense tal parkeringsplassar evt sette bom ved avkjørsel.

8 KONSEKVENSNUTGREIING

8.1 KONSEKVENSNUTGREIING IKKJE AKTUELL I DENNE SAKA.

Behov for konsekvensutgreiing er vurdert ved oppstart av planen og vurdert som ikkje aktuell. Dette knytt til at området alt er teke i bruk til det aktuelle føremålet og at planforslaget berre handlar om ei utviding. Området er også i samsvar med kommuneplan.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL PLANEN

9.1 MERKNADER TIL PLANFORSLAG

Statens Vegvesen, 24.10.2014:

Planområdet har tilkomst til kommunal veg. Dei føreset at det i planarbeidet vert vurdert standard på den kommunale vegen og om det er behov for trafikksikringstiltak. Ved vurdering skal ein nytta Handbok N100.

Bergen og Omland Havnevesen, 18.11.2014:

BOH minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan verka inn på tryggleik eller framkomst i sjøområdet krev løyve frå BOH, jf. Hfl. § 27, første ledd. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendas til BOH i god tid før tiltak skal i verksetjast.

Fylkesmannen i Hordaland, 24.11.2014:

Alle planer skal inkludere vurdering etter folkehelseperspektivet, jf. Plan- og bygningsloven § 3-1.